



Torger Nessa
Dalvavegen 128
5560 NEDSTRAND

Kontakt saksbehandlar

Birgit Sundbø Hagalid, 51568891

Løyve om utsetting av utanlandske treslag på 190/4-5 i Tysvær kommune

Det er søkt om løyve til å plante sitkagran på to areal på til saman 31,5 dekar på eigedom 190/4-5 i Tysvær kommune i Rogaland. Statsforvaltaren vurderer at planting av sitkagran på dei gjeldande felta utgjer liten risiko for uheldige følger for naturverdiane i området, og gir løyve til planting med heimel i forskrift om utsetting av utanlandske treslag til skogbruksformål § 5. Det er sett vilkår til løyvet.

Me visar til søknad mottatt 27.10.2020 om løyve til utsetting av sitkagran (*Picea sitchensis*) til skogproduksjon.

Bakgrunn

Skogeigar søker om å plante sitkagran på to areal på eigedom 190/4-5 i Tysvær kommune. Per telefon opplyste skogeigar at felta er på totalt 31,5 dekar og ikkje 54 som er oppgitt i søknaden. Antall planter omsøkt er 9500 stykk.

Føremålet med å plante sitkagran er produksjon av sagtømmer for neste generasjon. Skogeigar legg vekt på at sitkagran gir god tømmerkvalitet, karbonfangst og produksjon. På begge areala har det tidlegare stått bestand av sitkagran som blei hogd våren 2019. Skogeigar opplyser om at det var lite hjorteskader i bestanda og at dette er eit problem i bestand med gran (*Picea abies*). Vidare opplyser skogeigar at det har vore lite til ingen spreiiing i skogområda rundt felta, og at han vil fjerne eventuell spreiiing av sitkagran til innmarksbeita der noko spreiiing kan førekomme.

Heimel

Utsetjing av utanlandske treslag krev godkjenning frå Statsforvaltaren i samsvar med forskrift om utsetting av utanlandske treslag til skogbruksformål § 5, jf. naturmangfaldlova kap. IV. Føremålet med forskrifta er å hindre at planting av utanlandske treslag gir uheldige konsekvensar for naturmangfaldet, jf. § 1 i naturmangfaldlova. Det er sentralt å sikre at forvaltingsmåla for naturtypar



og artar ikkje blir truga av dei utanlandske artane, direkte eller indirekte, jf. naturmangfaldlova §§ 4 og 5.

Alle offentlege vedtak som kan ha verknader for naturmangfaldet skal vurderast etter naturmangfaldlova §§ 8-12. I tillegg har Statsforvaltaren lagt vekt på andre viktige samfunnsinteresser, jf. § 14.

Ved vurdering av ein søknad om utsetting skal ein leggja vekt på eventuelle uheldige følgjer for naturmangfaldet, inkludert særleg uheldige følgjer for biologisk mangfald, jf. forskrifta § 7 første ledd. Det er ikkje heimel for å gi løyve dersom det er grunn til å tru at utsettinga kan føre til vesentlege uheldige verknader på det biologiske mangfaldet, enten på sjølve utplantingsområdet eller på området utanfor utplantingsområdet. Statsforvaltaren har difor vurdert moglege naturverdiar på sjølve plantefeltet, og om ein kan forvente spreiding av treslaget som kan gi uheldige følgjer for spesielle naturverdiar (truga artar, viktige naturtypar eller verneområde) i området rundt plantefeltet.

Kunnskapsgrunnlag

Om kunnskapsgrunnlaget (nml § 8)

Me finn god kunnskap om naturmangfaldet på arealet som er søkt planta og områda rundt, og god kunnskap om det omsøkte treslaget. I vår vurdering har me nytta opplysningar frå Naturbasen, Temakart Rogaland, Artskart og Artsdatabanken si Fremmedartsliste 2018. For å undersøke bonitet, jordsmonn, vekstvilkår og naturverdiar var me på synfaring i saman med skogeigar i og rundt feltet som er søkt planta til den 17.12.2020. I tillegg har me vurdert anna vitskapeleg litteratur om treslaget. Statsforvaltaren vurderer at det er tilstrekkeleg vitskapeleg og erfaringsbasert kunnskap i denne saka, jamfør nml § 8.

Om sitkagran

Sitkagran har sin naturlege utbreiing på vestkysten av Nord-Amerika. På grunn av den høge vind- og salttoleransen er treslaget nytta under skogreisinga langs kysten, fyrst og fremst på Vestlandet og i Nordland. I Artsdatabanken si fremmedartsliste frå 2018¹ er sitkagran vurdert til å ha «svært høg risiko» (SE) med stort invasjonspotensiale og høg økologisk effekt. Treslaget har vist evne til å spreie seg inn i forstyrta areal, kystlynghei, eng, nokon typar skogsmark, beitemark og myr. Spreiinga inn i opne kulturpåverka og tørre areal og boreal hei kan lokalt vere betydeleg.

Rapporten M-1378 «Utredning av forbod mot utsetting av utenlandske treslag til skogbruksformål» frå Miljødirektoratet og Landbruksdirektoratet legg fram at den økologiske effekten av sitkagran er avhengig av tettleiken av etablerte tre og naturtype. Under norske forhold er lokal utskygging av bakkevegetasjon, moser og lav den best dokumenterte effekten. I slutta bestand i Noreg og Europa finn ein færre moser og lav, og like mange eller fleire artar av smågnagerar og fuglar som i bestand med gran.

Den same rapporten legg fram at sitkagrana er tilpassingsdyktig. Den trivst godt under barske kystklimaforhold med mykje og sterk vind. Den toler saltdrevseepisodar, men er relativt følsom for tørke og frost. Den har større frøproduksjon og mindre frø enn gran, eigenskaper som favoriserer

¹ <https://artsdatabanken.no/fremmedarter/2018/N/537>



spreiing av frø. Sannsynlegheita for etablering er styrst på mark med mindre konkurranse av anna vegetasjon. På dyrka mark, i velskjøtta kystlynghei og i tett skog er etableringa avgrensa. Hovedtyngden av etablering skjer innanfor 200 meter frå morbestandet og tettheita blir raskt redusert med avstand.

DN-utgreiing 8-2012 «Kunnskapsstatus for spredning og effekter av fremmede bartrær på biologisk mangfold» beskriv grensa for kortdistansespreiing av til å vere 80 meter. Estimert spreingsdistanse av frø er opptil 1739 meter ved vindhastigheit på 10 m/s, og 3477 meter ved 20 m/s.

Det er gjennomført fleire undersøkingar av spreiiing av utanlandske bartre i Rogaland²³. Rapportane viser at spreiiinga på dei fleste lokalitetar er konsentrert inntil 200 meter frå morbestandet. Lokalt kan spreiiinga vere tett. Det er også registrert langdistansespreiing i form av enkelttre. Spreiing er registrert i kystlynghei, myr, eng og skog.

Om utplantingsfelta

Det er søkt om planting på to atskilte areal som ligg 900 meter frå kvarandre (figur 1). Areala vil frå no bli kalla det øvre og nedre feltet. Under synfaringa var me innom det nedre feltet. På begge dei to areala som er søkt planta til stod det tidlegare bestand med sitkagran som nyleg er avverka i saman med fleire nabobestand av sitkagran.

Det øvre feltet er på 17 dekar. Feltet ligg på omkring 200 meter over havet i ei sørhelling. På arealet stod det sitkagran planta mellom 1960 og 1970, jamfør flybilette frå gårdskart.no. Boniteten er registrert til å vere høg til sær høg. Ein har adkomst til feltet via ny landbruksveg.

Det nedre feltet er på 14,5 dekar. Det strekk seg opp ei nordhelling som endar i eit søkk mellom to kollar. Det ligg omkring 125 meter over havet. Ein har adkomst til feltet via landbruksveg. Synfaringa viste at det er godt med fukt og tilsig av næring på arealet, og boniteten er høg til sær høg. Skogen som stod der var av god vekst, jamfør stubbane. Det var nokon få naturleg forynga planter på feltet. Det stod igjen nokon kant-tre i bratta heilt sør på feltet som entreprenøren ikkje kunne felle. Skogeigar har opplyst at planen er å felle desse sjølv.

Det er ikkje registrert norske ansvarsartar eller truga artar på området som skal plantast til. Det er ikkje skogbruksplan med MiS-registreringar på eigedomen. Det har ikkje kome fram opplysningar som kan tyde på at det finst andre artar eller naturtypar som det er eit ansvar for å ta vare på på sjølve utsettingsområdet, jamfør forvaltningsmåla i naturmangfaldlova §§ 4 og 5.

Området rundt plantefelta

Plantefelta ligg i eit kupert terreng prega av landbruk med skogproduksjon og jordbruksareal. Skogeigar opplyste av vinden oftast kjem frå sør, med kraftige vind frå nordvest om hausten. Eigedomsstrukturen er klassisk vestlandsk med langstrakte teigar frå fjorden og opp lia og nokon mindre inndelingar. Innanfor ein radius på 200 meter frå dei to plantefelta finn ein skogbestand, innmarksbeite, fulldyrka areal og innslag av lauvholt.

² Appelgren, L., 2017. Kartlegging av kortdistansespredning av fremmede bartrær i Rogaland 2018. Ecofact rapport 644.

³ Appelgren, L. & Torvik, S.E. 2017. Kartlegging av kortdistansespredning av fremmede bartrær i Rogaland og Hordaland. Ecofact rapport 607



I umiddelbar nærleik til det øvre plantearealet står eldre skogbestand med sitkagran, lerk (*Larix*), gran (*Picea abies*) og naturleg furubestand (*Pinus sylvestris*). Sørøst for arealet finst eit yngre plantefelt med gran. Mot vest og aust grensar feltet mot to andre hogstfelt. Feltet ligg ei bratt sørhelling som går like til fjorden.

Det nedre plantearealet grensar mot furuskog mot nordaust. Mot sørøst står det lauvskog i bratt terreng og mot sørvest står eit eldre bestand med gran med innslag av sitkagran. Bestanda er slutta og i hogstklasse 4-5. Eksakt alder er ukjent. Feltet ligg i ei nordhelling som flatar ut mot eit innmarksbeite. Mellom dei to plantefelta står også eit holt med storvokst douglasgran (*Pseudotsuga menziesii*).

I umiddelbar nærleik til det nedre plantefeltet såg me enkelttre av sitkagran som har spreidd seg naturleg til opne område utan beitetrykk, mellom anna på myra mellom beite og Dalavegen. Det er usikkert om spreinga skyldes sitkabestanden som stod på feltet før, eller kjem frå andre bestand. Me observerte ikkje naturleg oppslag av sitkagran i lauvskogen 50 meter nord for arealet. Skogeigar opplyste om at eigedomen skal overdragast til neste generasjon dei næraste åra. Han har informert om planar for å hindre eventuell spreiging og at dette må følgjast opp.



Figur 1: Dei to areala som er søkt planta til markert i blått. Indre Kvam vest (grøn), Øvrabø (grå midt i bildet) og Indre Kvam nord (brun heilt nord). Resterande punkter er registreringar av naturtypen «Store gamle eiketrær». Kjelde: Temakart Rogaland.



Innanfor ein radius på 2 km finn me nokon mindre naturtyperegistreringar. Den største er Indre Kvam vest som er registrert som rik sump- og kjeldeskog klassifisert som svært viktig (A-verdi). I beskrivinga frå 2011 vektlegg ein at det er førekomstar av ganske intakt varmekjær kjeldelauvskog i tillegg til styvingstre av ask og eik. Synfaringa viste at det ikkje er skjedd endringar i naturtypen og at registreringa framleis er gjeldande. Det er omkring 700 meter frå det øvre plantefeltet og 600 meter frå det nedre plantefeltet til naturtypen.

I tillegg finst lokaliteten Øvrabø som er registrert som naturbeitemark lokalt viktig (C-verdi) i 2015, og Indre Kvam Nord som er hagemark registrert i 2011 som viktig (B-verdi). Lokalitetane er små og ligg henholdsvis 400 meter og 1000 meter frå plantefelta. Det er registrert ask (*Fraxinus excelsior*, VU) og hårkrinlav (*Parmotrema crinitum*, VU) som begge er på lista over truga artar. Sistnemnde i tilknytning til hagemarka Indre Kvam Nord. Området mellom plantefelta og naturtypene består vekselvis av jordbruksmark og skogareal med slutta lauvskog i variert terrenget prega av små åsar og dalsøkk. Det finst ikkje verneområde i nærleiken.

Samla belastning på naturverdiar (nml § 10)

Det er fleire førekomstar av utanlandske treslag i området rundt areala som er søkt planta. Dei ligg i relativt god avstand frå naturverdiane. Mellom dei er det kupert terreng og områder med slutta lauvskog. Under synfaringa kunne me ikkje sjå planter av bartre, verken norske eller utanlandske i sump- og kjeldeskogen Indre Kvam vest. Basert på dette vurderer me det samla frøpresset inn i naturverdiane i dag til å vere lågt.

Andre viktige samfunnsinteresser (nml § 14)

Areala som er ønskt planta er av høg bonitet og eignar seg godt til skogproduksjon med treslag som kan utnytte produksjonsevna. Det er god vegtilgong og det vil ikkje krevje nye investeringar i veg for å hente ut tømmeret i framtida.

Å plante med eit treslag som kan utnytte produksjonspotensialet vil kunne gje betre verdiskaping for skogeigar og samfunnet. Planting gir positiv klimaeffekt med binding av karbon i trevirket og mogleg substitusjonseffekt om virket blir brukt i produkt som erstattar fossilt råstoff⁴. Det vil også bidra til den framtidige tilgong på skogråstoff. Sitkagran blir brukt i alle typar sluttprodukt på same måte som gran.

Alternativet til å plante sitkagran vil vere å plante vanleg gran. Å plante gran vil truleg redusere produksjonen og økonomien på arealet. På høge bonitetar har sitkagran omkring dobbel så stor produksjon som gran. Eksempelvis vil eit treslagskifte frå gran til sitkagran kunne gje ei bonitetsheving på 3-4 høgdebonitetsklassar med ein gevinst i produksjonsevne på 0,3-0,4 m³/da/år⁵. Med tanke på produksjonen i bestandet, karbonbinding og verdiskaping vurderer me at sitkagran vil vere eit betre eigna alternativ samanlikna med å plante gran.

⁴ Miljødirektoratet og Landbruksdirektoratet. M-1378 Utredning av forbod mot utsetting av utanlandske treslag til skogbruksformål.

⁵ Øyen mfl. Vekst og produksjon av treslag i kystskogene.



Statsforvaltaren si vurdering

Me vurderer at me har tilstrekkeleg kunnskap om treslaget og naturmangfaldet i området til å gjere eit vedtak jamfør nml § 8, og føre-var-prinsippet i § 9 kjem ikkje til anvending. Det er ikkje registrert naturverdiar på sjølve plantearealet, men det er nokon registreringar av mindre naturtypar i området rundt. På grunn av størrelsen og klassifiseringa er det registreringa av sump- og kjeldeskoen Indre Kvam vest me legg mest vekt på i vår vurdering.

Rundt plantefelta er det hovudsakleg jordbruksareal og slutta skogbestand. I og med at sitkagran har avgrensa etablering på beite og i tett skog, vurderer me risikoen for og belastninga frå eventuell kortdistansespreiing frå felta til å vere liten.

Langdistansespreiing av frø med vinden vil vere mogleg. I områda rundt plantefelta er det slutta skog og beite som vanskeleggje spiring og etablering av sitkagran, og som skapar barrierar mellom plantefelta og dei kjente naturverdiane. Me vurderer difor at det er liten risiko for at spreiiing av frø vil føre til etablerte planter av sitkagran som kan utgjere ein fare for naturmangfaldet i området.

Det er fleire skogbestand av utanlandske treslag i området, og det er sitkagran som er hogd på arealet som er søkt planta. Under synfaring såg me oppslag av enkelttre av sitkagran på opne område med lågt beitetrykk og myr i umiddelbar nærleik til bestand av sitkagran. Me kunne ikkje sjå spreiiing av utanlandske treslag i lauvskogen i nærleiken eller i naturtypen. Med bakgrunn i dette kan me ikkje sjå at den samla belastninga på naturverdiane vil auke monaleg som følge av plantinga.

I ei samla vurdering meiner me at avstanden til naturverdiane, størrelsen og tilstanden til desse gjer at planting av sitkagran på dei gjeldande felta utgjer liten risiko for uheldige følger for naturverdiane. Samtidig eignar felta seg godt for skogproduksjon og planting med sitkagran vil kunne gi betre produksjon, karbonbinding og økonomisk vinning enn planting med gran.

Ved eit løyve vil det bli sett vilkår for å hindre eventuelle negative verknadar på naturmangfaldet, deriblant fjerning av eventuelt etablerte planter utanfor plantefeltet. Me kan ikkje sjå at eigedomsstrukturen vil vere eit betydeleg hinder for å gjennomføre eit slik tiltak då områda som er mest utsett for spreiiing ligg på skogeigar sin eigedom. Forutsett av vilkåra blir fulgt meiner me at tiltaket gir liten eller ingen negative følger på naturmangfaldet, og vår samla vurdering er at me kan gi løyve til planting på gjeldande areal.



Vedtak og vilkår

Statsforvaltaren gir med dette løyve til å plante 9500 planter av sitkagran på to område på til saman 31,5 dekar på gnr/bnr 190/4-5 i Tysvær kommune. Områda er merka av på kart vedlagt søknaden og vedtaket.

Løyvet er **gyldig i 5 år** frå den datoen brevet er datert. Dersom tiltaket ikkje er gjennomført innan fristen, og det ikkje ligg føre søknad om utsett frist, vert løyvet automatisk trekt tilbake.

Løyvet blir gjeve på følgjande vilkår:

- Skogeigar må sørge for å hogga eller ringbarka trea frå førre omløp som står att i bratta sør på det nedre plantefeltet slik at dei ikkje kan bidra til spreiiing av frø.
- Skogeigar pliktar å avgrensa spreiiing av sitkagran frå plantefelta. Framtidig spreiiing innanfor eigen eigedom skal fjernast av skogeigar. Ved spreiiing til andre eigedommar må skogeigar om mogleg hente inn samtykke frå grunneigarar av naboeigedommar til å fjerne etablerte planter.
- Bestandet skal seinast hoggast ved biologisk hogstmoden alder.
- Det skal ikkje settast att livsløpstre eller frøtre ved hogst av bestandet⁶.
- Skogeigar skal gjennom internkontroll etablere rutiner for å sikre at avvik frå forskrifta eller vilkåra i dette brevet ikkje skjer⁷. Dokumentasjon på internkontroll skal leggjast fram på førespurnad.
- Plantinga skal ikkje utførast før tidlegast ei veke etter klagefristen er ute og ein eventuell klage er ferdig handsama.
- Ved overdraging av eigedomen må ny grunneigar gjerast kjend med dette dokumentet og vilkåra som er sett⁸.

Me oppmodar om å fjerna sitkagranplanter på skogeigar sin eigedom som har spreidd seg naturleg til område rundt det nedre plantefeltet slik at desse ikkje bidreg til spreiiing av frø i framtida.

Me vil minna om at dette løyvet er gitt med heimel i forskrift om utsetting av utanlandske treslag til skogbruksformål. Forskrifta krev at den som er ansvarleg for utsettinga skal opptre aktsamt og treffe tiltak for å hindre spreiiing av utanlandske treslag. Det er tiltakshavar som må dekke kostnadane ved å hindre eller avgrense skade på naturmangfaldet⁹. Dette omfattar tilsyn og fjerning av tre som eventuelt har spreidd seg ut frå plantefelta. Naturmangfaldlova krev også at ein nyttar seg av miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar¹⁰.

Anna viktig lowerk og føringar for skogproduksjon er skogbruksloven, forskrift om berekraftig skogbruk og kulturminnelova. I dei fleste tilfelle vil også kravpunkta i Norsk PEFC Skogstandard 2015 vere gjeldande for skogbrukstiltak.

⁶ Forskrift om utsetting av utanlandske treslag § 8

⁷ Forskrift om utsetting av utanlandske treslag § 10

⁸ Forskrift om utsetting av utanlandske treslag § 9

⁹ Naturmangfoldloven § 11

¹⁰ Naturmangfoldloven § 12



Kontroll

Statsforvaltaren eller Miljødirektoratet fører tilsyn med at utsetting av utanlandske treslag skjer i samsvar med bestemmingane i forskrifta. Dette inkluderer tilsyn med område utsett for eventuell spreiding frå plantefelta.

Klage

Skogeigar kan klaga på vedtaket innan 3 veker etter å ha motteke dette brevet, jf. forvaltningslova sine reglar. Ein eventuell klage skal sendast til Statsforvaltaren i Rogaland. Dersom Statsforvaltaren ikkje gjer om eige vedtak, skal klagen handsamast av Miljødirektoratet.

Med helsing

Geir Skadberg
landbruksdirektør

Birgit Sundbø Hagalid
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg

- 1 Vedlegg - Søknad med kartvedlegg

Kopi til:

Tysvær kommune Postboks 94 5575 Aksdal